



## Autorisasjon plantevern og gnagarmiddel 2020

Vi vil med dette informere kommunen om forvaltning av desse autorisasjonsordningane i landbruket:

*Autorisasjonsbevis for kjøp og bruk av plantevernmiddel og Tilleggsbevis for kjøp og bruk av gnagarmiddel.*

Informasjonen om autorisasjonsordninga for plantevern for kommunane i Vestland for 2020 er i tråd med [Instruks til kommune og fylkesmann om utøvelse av delegert myndighet etter plantevernmiddeforskriften](#), frå no kalla Instruksen. Grunna store reiseavstander, delegerte Fylkesmannen i Vestland frå 2019 oppgåva om å avvikle eksamen i autorisasjonskursa i plantevern og gnagarar, til alle kommunane, mot økonomisk kompensasjon.

Kommunen sine oppgåver ved autorisasjon for kjøp og bruk av plantevernmiddel og gnagarmiddel:

- Halde eksamen (nytt frå 2019)
- Vurdere om personar har rett til å få autorisasjon
- Oppdatere Mattilsynet sitt [Autorisasjonsregister plantevernmidler](#) og [Autorisasjonsregister gnagarmidler](#) når autorisasjonsbevis blir innvilga.

Vi minner òg om at kommunen har andre oppgåver knytt til bruk av plantevernmiddel etter [Forskrift om plantevernmiddel](#) og [Delegering av myndighet til kommunene og fylkesmannen etter plantevernmiddeforskriften](#). Dette gjeld mellom anna å kunne gi løyve til spreing av plantevernmiddel i kantsoner og i utmark. Kommunen har òg kontrolloppgåve knytt til journal over bruk av plantevernmiddel, jmf [Forskrift om produksjonstilskudd mv. I jordbruket](#).

### Å halde eksamen

Kommunen held eksamen og sit eksamensvakt, på førespurnad frå kursarrangørane (VGS naturbruk eller NLR Vest). Kommunen må også organisere eksamen for busette i kommunen som stryk på felles eksamen, og vil ta prøven på ny. Det kostar kandidaten kr 210,- og det vil Fylkesmannen i Vestland fakturere dei for, etter retting av eksamen. Vi minner også om at kandidatar kan ta **fornyingseksamen på nettet** (ikkje fyrstegongseksamen) – sjå link på [Mattilsynet si nettside](#).



Kommunen må tinge eksamensoppgåver frå Fylkesmannen i god tid før eksamen. Eksamenssetta er delt i «fyrstegongseksamen» og «fornyng» innan desse kategoriane: Generell, Fôrvekster, Korn, Grøntanlegg samt Gnagarmidler. **Ny rutine frå 2020** er at Fylkesmannen i Vestland vil sende ut eksamensoppgåver som elektronisk dokument, merka unntatt offentlegheit. Det betyr at kommunens postmottak må hente ut dokumenta i postmottaket, via Altinn-siden til kommunen. Tal eksamenssett som kommunen skal skrive ut til eksamensdagen, må avtalast med kurshaldar direkte: sjå kursoversikt på [vest.nlr.no](http://vest.nlr.no) eller [Stend, Voss, Mo VGS](#). Vanlegvis tek kurshaldar kontakt med det lokale landbrukskontoret for avtale om eksamensavvikling.

Etter eksamen må alle eksamenssett returnerast til Fylkesmannen som rekommandert sending. Det finst ikkje kopi av eksamenssvara, og difor må dokumenta sendast utan risiko for at vi mister dei eller får feilsending. Adresse for eksamenssett frå Sogn og Fjordane: Fylkesmannen i Vestland v/Jon Anders Stavang - landbruk, Postboks 14, 6801 Førde. Adresse for eksamenssett frå Hordaland: Fylkesmannen i Vestland, Frøydis Lindén – Landbruk, Postboks 7310, 5020 Bergen.

**Kommunen kan få betalt for å arrangere eksamen.** Kommunen må då sende samlefactura, når alle eksamensdagane er gjennomførte, og helst innan 1. juni og 1. desember kvart år. Faktureringsadresse: Send EHF-faktura til Fylkesmannen i Vestland, organisasjonsnummer: 974 760 665 og merk fakturaen: «L1902 Autorisasjon plantevern» + «3850fli» (Hordaland) eller «3850jas» (Sogn og Fjordane). **Sats for 2020:** 65,- kroner per person som har teke eksamen. Dette gjeld berre for fysisk eksamen (ikkje nettbasert fornyng), og det gjeld uavhengig av bustadkommune til brukarane. Fylkesmannen i Vestland fører lister over eksamen og tal deltakarar per eksamenstad, for kontroll.

### Å vurdere rett til autorisasjon

Kommunen vurderer om ein person som har bestått eksamen og er busett i kommunen har rett til å kunne få autorisasjon, jmf vilkåra for dette. Sjå Forskrift om plantevernmidde § 8, [Instruksen](#) § 7 og les spesielt [Veileder til forskrift om plantevernmidde](#) kap 1a, for vilkår for autorisasjon.

#### *Presiseringar for å kunne få autorisasjon plantevernmidde:*

Det er krav om yrkesmessig behov for autorisasjon. Hobbydrift og skjøtsel av kulturlandskap kvalifiserer *ikkje* som yrkesmessig behov. Kommunen kan vurdere om eigar av jordbruksareal har eit yrkesmessig behov for autorisasjon, dersom ho eller han skal gjere plantevernjobb for føretaket som leiger og driv arealet. Kandidatane må også vera over 18 år og ha bestått eksamen.

#### *Presiseringar for å kunne få tilleggsbevis for gnagarmidde:*

Sjå Forskrift om plantevernmidde § 8a og [Veileder til forskrift om plantevernmidde](#) kap 1b. Vi gjer merksam på det berre er formelle eigarar eller leigetakarar av gardsbruk som kan få tilleggsbevis for gnagarmidde. Vilråra er altså mykje strengare enn for autorisasjon plantevernmidde, og at til dømes tilsette/born/kårfolk *ikkje* kan få dette tilleggsbeviset. Denne grensa vart sett etter politiske forhandlingar. Etter avklaring med Mattilsynet vert omgrepet «eier/leier en landbrukseiendom» tolka til óg å gjelde ektefeller til dei som eig / leiger garden dersom det er særige på garden, men kor det i praksis er ektefellen som driv den.

Fylkesmannen sender liste til kommunane som viser kven som har bestått eksamen. Ein kan søkje fram personar i [Autorisasjonsregister plantevernmidde](#) sjølv om ein ikkje har fullt personnummer. Dei som tek eksamen som ein del av nettbasert kurs vil ikkje vere inkludert på lista frå Fylkesmannen, og må sjølv ta kontakt med kommunen for å få autorisasjon. Kommunen skal



stadfeste rett til å nytte plantevernmidler og gnagarmidler i autorisasjonsregistera til Mattilsynet, slik at Mattilsynet kan sende ut autorisasjonsbevis. Sjå vedlegg 1 for meir informasjon.

### Oppdatering av autorisasjonsregister

Når kommunen har innvilga autorisasjonsbevis, skal kommunen oppdatere Mattilsynet sitt autorisasjonsregister. Dette utløyer tinging av eit autorisasjonsbevis som Mattilsynet sender til brukaren. Kommunen kan òg sjølv skrive ut og sende mellombels bevis.

Brukartilgang til Mattilsynet sitt [Autorisasjonsregister plantevernmidler](#) og [Autorisasjonsregister gnagarmidler](#) får du frå Mattilsynet ([autorisasjonskurs@mattilsynet.no](mailto:autorisasjonskurs@mattilsynet.no)). Brukarretteiing finst på sida. Dersom det er fleire spørsmål knytt til registeret kan du kontakte Mattilsynet direkte eller Fylkesmannen.

### Meir informasjon

Kontaktpersonar hjå [Fylkesmannen i Vestland i 2019](#) for autorisasjon plantevern:  
Jon Anders Stavang – [fmsfjas@fylkesmannen.no](mailto:fmsfjas@fylkesmannen.no) - ansvar for Sogn og Fjordane fylke  
Frøydis Lindén – [fmhofli@fylkesmannen.no](mailto:fmhofli@fylkesmannen.no) - ansvar for Hordaland fylke

### Meir informasjon

[Veileder til forskrift om plantevernmidler](#) - med svar på ofte-stilte-spørsmål

### VEDLEGG

1. Rettleiar for bruk av Autorisasjonsregister plantevernmidler hjå Mattilsynet
2. Rettleiar for bruk av Autorisasjonsregister gnagarmidler hjå Mattilsynet
3. Sjekkliste for eksamensarrangør 2020 - Autorisasjon plantevern
4. Informasjon til eksamenskandidatar – til utdeling med eksamenssettet.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær  
Assisterende Landbruksdirektør

Frøydis Linden  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Jon Anders Stavang